

Avling og kjemisk innhald hjå solbærsortar (*Ribes nigrum L.*)



Nye og gamle solbærsortar er samantikna i seks år i eit feltforsøk på Kise. Innhaldet av vitamin C og antioksidantar varierer mykje.

Arnfinn Nes¹, Hans G. Espelien¹, Anne-Berit Wold² & Siv Fagertun Remberg²
¹Bioforsk, ²Universitetet for miljø og biovitenskap
arnfinn.nes@bioforsk.no

Innleiting

Solbær vert mest dyrka i nordlege deler av Europa og er godt tilpassa klimaet her i landet. Bæra er populære sidan dei er svært rike på helsefremmende innhaldestoff som vitamin C og antioksidantar. Innhaldet varierer mellom sortar og år (Heiberg *et al.* 1992), men lite med dyrkingsmåte (Nes *et al.* 2008).

Material og metode

Nye sortar frå Skottland og Polen vart dyrka saman med kjende norske og skotske sortar i forsøk i åtte år på Bioforsk Kise. Buskane var planta på morenejord som toårige med fire meter radavstand og ein og ein halv meter mellom buskane. Det vart ikkje nytta

kjemisk plantevern mot skadegjerarar på buskane, og dei vart forsøkshausta med bankemetoden. Prøvar av bær av dei fleste sortane vart i fem år fryselagra og analyserte ved Institutt for plante- og miljøvitenskap, Universitet for miljø- og biovitenskap (UMB).

Resultat og diskusjon

Avlingstala er presenterte i tabell 1. Avlingane varierer mykje både mellom sortane og åra. Det var ikkje synleg vinterskade eller frostskade i blomen nokon av åra. Den varierande avlinga hadde likevel truleg samanheng med klimatilhøva. Ein viktig faktor var værtihøva i blommingstida. Mange dagar med regn og låg temperatur gjev redusert pollinering og kartset-

Tabell 1. Avling (kg/daa) hjå sju solbærsortar dyrka på Kise i seks år.

| Sortar | Hausteår | | | | | | |
|----------------|----------|------|------|------|------|------|--------|
| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | Middel |
| 'Ben Tron' | 1.183 | 322 | 804 | 600 | 372 | 314 | 599 |
| 'Narve Viking' | 999 | 380 | 784 | 694 | 369 | 432 | 610 |
| 'Ben Nare' | 857 | 443 | 589 | 699 | 360 | 390 | 556 |
| 'Ben Hope' | 394 | 412 | 617 | 276 | 467 | 288 | 409 |
| 'Kristin' | - | - | 500 | 406 | 501 | 380 | 447 |
| 'Tiben' | 681 | 399 | 744 | 942 | 444 | 467 | 613 |
| 'Tisel' | 568 | 325 | 605 | 317 | 237 | 324 | 396 |
| Middel | 780 | 380 | 663 | 562 | 393 | 371 | |

ting, så ulik blømingstid kan gje avlingsvariasjon mellom sortane. Den polske sorten Tiben gav svært god avling, men hadde lågare innhold av dei viktigaste innhaldsstoffa (Tabell 2 og 3). Den andre polske sorten, Tisel, syntet motsett resultat. Denne sorten hadde også svært høgt innhold av løyst tørrstoff medan 'Tiben' hadde høgast syreinnhold (Nes et al. 2011).

Nye sortar har jamt over betre kvalitet enn eldre (Pedersen 2008, Måge 1993, Heiberg et al. 1992). Analysane av sortane i forsøket syner at dei nyaste sortane har svært høgt innhold av vitamin C (tabell 2) og antioksidantar (tabell 3).

Sorten Kristin hadde lågast innhold av begge kvalitetsfaktorane. 'Kristin' er foredra i Noreg med den lokale sorten Øjebyn frå Nord-Sverige som er ein av foredrora. Alt avkom etter den sorten (t.d. 'Hedda') har lite av både vitamin C og antioksidantar. Nytt foreldremateriale frå Skottland og Polen har vore positivt og har

gjeve nye sortar med endå betre eigenskapar enn dei eldre. Det er svært positivt og er endå ein god grunn til å forsyna seg av ferske bær, også av solbær.

Referansar

- Heiberg, N., Måge, F. & Haffner, K. 1992. Chemical composition of ten black currant (*Ribes nigrum L.*) cultivars. *Acta Agric. Scand., Sect. B, Soil and Plant Sci.* 42:251-254.
- Måge, F. 1993. Vegetative, generative and quality characteristics of four blackcurrant (*Ribes nigrum L.*) cultivars. *Norw. J. Agric. Sci.* 7:327-332.
- Nes, A., Hageberg, B., Opstad, N. & Måge, F. 2008. The effect of fertilization on antioxidant activity and chemical composition of black currant (*Ribes nigrum L.*) cultivar Ben Tron. *Acta Hort.* 777: 517-520.
- Pedersen, H.L. 2008. Juice quality and yield capacity of black currants in Denmark. *Acta Hort.* 777:511-516.

Tabell 2. Innhold av vitamin C (mg/100 g ferskevekt) hjå sju solbærsortar.

| Sortar | Hausteår | | | | | |
|----------------|----------|------|------|------|------|--------|
| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | Middel |
| 'Ben Tron' | 176 | 149 | 203 | 158 | 167 | 171 |
| 'Narve Viking' | 184 | 165 | 236 | 184 | 194 | 193 |
| 'Ben Nare' | 148 | 114 | 168 | 144 | 170 | 149 |
| 'Ben Hope' | 192 | 180 | 211 | 189 | 188 | 192 |
| 'Kristin' | - | 68 | 120 | 100 | 113 | 100 |
| 'Tiben' | 114 | 131 | 189 | - | - | 147 |
| 'Tisel' | 261 | 212 | 312 | - | - | 262 |
| Middel | 179 | 146 | 206 | 155 | 166 | |

Tabell 3. Innhold av antioksidantar (FRAP) hjå sju solbærsortar.

| Sortar | Hausteår | | | | | |
|----------------|----------|------|------|------|------|--------|
| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | Middel |
| 'Ben Tron' | 176 | 149 | 203 | 158 | 167 | 171 |
| 'Narve Viking' | 184 | 165 | 236 | 184 | 194 | 193 |
| 'Ben Nare' | 148 | 114 | 168 | 144 | 170 | 149 |
| 'Ben Hope' | 192 | 180 | 211 | 189 | 188 | 192 |
| 'Kristin' | - | 68 | 120 | 100 | 113 | 100 |
| 'Tiben' | 114 | 131 | 189 | - | - | 147 |
| 'Tisel' | 261 | 212 | 312 | - | - | 262 |
| Middel | 179 | 146 | 206 | 155 | 166 | |